



SANDE KOMMUNE  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret  
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes  
Dato: 07.03.2017  
Tid: 16:00 – 18:20

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordfører	H
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettestøl	Medlem	H
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Trond Torset	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Helge Støylen	Varaordfører	TVP
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne- Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Liv Sæther Myskja	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Merethe Almestad	Ruth Hatlebrekke Rekdal	H
Anne Bjørg Bringsvor	Liv Sæther Myskja	TVP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Asle Giske	Rådmann
Tove Cathrine Kvamme	konsulent

---

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

**Røysteføre: 21**

## SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 3/17	Skriv og meldingar	
PS 5/17	Endelig vedtak om oppstart utviding av Haugelia barnehage	2013/798
PS 6/17	Omklassifisering av kommunale vegar og gatelys	2017/138
PS 7/17	Utskifting av gatelys 2017	2017/149
PS 8/17	Omlegging av vassleidning i Sandvikdalen	2017/162
PS 9/17	Tomteprisar i Haugelia Vest	2015/702
	Eventuelt	

**PS 3/17**  
**SKRIV OG MELDINGAR**

**Handsaming i Kommunestyret :**

RS 4/17 Politiet: Tenestetilbodet i kommunane

Rådmannen orienterte om avlagt rekneskap for 2016, som viser eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1.587.000,-.

Protokoll frå valstyret om folkerøysting om intensjonsavtale mellom Sande og Herøy kommunar.

**VEDTAK:**

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

**PS 4/17**

**GNR 87 BNR 65 LANDSBYHUSET BREIDABLIK, OPPRETNING OG OVERDRAGELSE AV FESTEPOINT.**

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å opprette eit festepunkt på gnr. 87 bnr. 65, der formålet med festepunktet er overdraging til Landsbyhuset Breidablikk.

Festeavtalen skal tinglysast.

**PS 5/17**

**ENDELIG VEDTAK OM OPPSTART UTVIDING AV HAUGELIA BARNEHAGE**

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Framlegg frå Arnljot Muren, Ap om endring av pkt. 4:**

4. Bygging skal settast i verk snarast råd og rådmannen og byggenemnda skal undervegs orientere formannskapet om status vedrørende prisfastsetjing av innkomne tilbod. Rådmannen og byggenemnda skal vidare melde attende til kommunestyret når oppstartstidspunkt og forventa fullføringstidspunkt er kjent.

**Samr. som tilrådinga, med endring forslege av Arnljot Muren.**

**VEDTAK:**

1. Haugelia barnehage vert å utvide med 12 plassar innafor ei finansieringsramme på 6,6 million kroner.
2. Auka driftskostnader i Haugelia barnehage som følgje av utvidinga vert å dekke av oppvekstsektoren si eksisterande budsjetttramme. Utvidinga gir ikkje grunnlag for budsjettvekst i sektoren.
3. Investeringa vert å finansiere med opptak av lån.

4. Bygging skal settast i verk snarast råd og rådmannen og byggenemnda skal undervegs orientere formannskapet om status vedrørende prisfastsetjing av innkomne tilbød. Rådmannen og byggenemnda skal vidare melde attende til kommunestyret når oppstartstidspunkt og forventa fullføringstidspunkt er kjent.

#### **PS 6/17**

### **OMKLASSIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR OG GATELYS**

#### **Handsaming i Kommunestyret :**

#### **Framlegg frå ordførar Dag Vaagen, H:**

Kommunestyret ber administrasjonen om å førebu sak om evaluering og revisjon av retningslinene for vegstatus. Saka går attende til NTM-utvalet.

#### **Det vart halde gruppemøte.**

Framlegget frå Dag Vaagen vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK:**

Kommunestyret ber administrasjonen om å førebu sak om evaluering og revisjon av retningslinene for vegstatus. Saka går attende til NTM-utvalet.

#### **PS 7/17**

### **UTSKIFTING AV GATELYS 2017**

#### **Handsaming i Kommunestyret :**

#### **Samr. som tilrådinga.**

#### **VEDTAK:**

1. Utskifting/montering av 17 stk LED 50 watt armaturer på Larsnes langs fylkesvegen, total kostnad ca kr 100.000,-. Lysa på Larsnes vert montert på fylgjande strekningar:
  - 17 lys Larsnes Sparebank + Smalebakken
  - Administrasjonen tilpassar innanfor kostnadsramma.
2. Utskifting/montering av 17 stk LED 50 watt armaturer i Gursken langs fylkesvegen, total kostnad ca kr 100.000,-. Lysa i Gursken vert montert på fylgjande strekningar:
  - 17 lys frå Jokerbutikken og utover Nedre Knotten
  - Administrasjonen tilpassar innanfor kostnadsramma.
3. Utskifting/montering av 17 stk LED 50 watt armaturer i Gjerdsvika langs fylkesvegen, total kostnad kr 100.000,-. Lysa i Gjerdsvika vert montert på fylgjande strekningar:
  - 10 lys frå Peter Muren mot Gjøneset.
  - 7 lys frå Stokset og utover til byggefeltet på Gotane.
  - Administrasjonen tilpassar innanfor kostnadsramma
4. Inntil kr 7000,- kan nyttast til nødvendige tiltak på Sandsøya/Voksa.

5. NTM-utvalet ber om at utskifting av HQL-armaturer langs fylkesvegane vert prioritert i åra framover.

#### **PS 8/17**

#### **OMLEGGING AV VASSLEIDNING I SANDVIKDALEN**

##### **Handsaming i Kommunestyret :**

- Jon Garen gjekk frå som ugild grunna arbeidsforhold til grunneigar. **20 røysteføre.**

##### **Samr. som tilrådinga.**

##### **VEDTAK:**

Sande kommunestyre vedtek å legge om hovudvassleidninga i Sandvikdalen i Vanylven kommune.

Omlegginga vert å gjennomføre i samsvar med leidningskart (1 og 2) datert 06.02.2017. Kostnaden med tiltaket vert å finansiere slik det går fram av saksutgreiinga.

- Jon Garen tok sete att. **21 røysteføre.**

#### **PS 9/17**

#### **TOMTEPRISAR I HAUGELIA VEST**

##### **Handsaming i Kommunestyret :**

- Arnljot Muren gjekk ifrå som ugild grunna slektskap med ein interessent i området. **20 røysteføre.**
- Anne Bjørg Bringsvor ba om permisjon, og forlet møtet. **19 røysteføre.**

##### **Samr. som tilrådinga.**

##### **VEDTAK:**

Prisen for 6 kommunale tomter i Haugelia Vest vert å sette til 200 kr/m<sup>2</sup>.

Prisen er eks. oppmålings-, tinglysing og tilknytningsgebyr for vatn og avløp.

- Arnljot Muren tok sete att. **20 røysteføre.**

## EVENTUELT

Bjørn Flatøy stilte spørsmål om bruken av skogbrannreserven på øyane i Sande. Ordføreren svarte førebels på spørsmålet, og vil gje eit utfyllande svar på neste kommunestyremøte.

Til å skrive under møteboka saman med ordføreren vart Bjørn Flatøy og Elisabeth Strand Slettestøl valde.

Møtet slutt kl 18.20

Bjørn Flatøy

Dag Vaagen

Elisabeth Strand Slettestøl

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 8. mars 2017

Tove Cathrine Kvamme  
Konsulent